

# Bedriftsdemokratinemndas protokoll

## 4/2009

### Historisk arkiv

Publisert under: Regjeringen Solberg

Utgiver: Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Dato: 01.04.2009

Vedtak ble truffet i følgende saker: BDN 200704566 Aker ASA. BDN 200901588 Statkraft Norfund Power Invest AS. BDN 200901456 Auction Holding AS. BDN 200901474 EB Nett AS. BDN 200701895 Simula School of Research and Innovation AS.

Protokoll 4/09 fra møte i Bedriftsdemokratinemndas arbeidsutvalg 1. april 2009. Vedtak ble truffet i følgende saker:

- BDN 200704566 Aker ASA
- BDN 200901588 Statkraft Norfund Power Invest AS
- BDN 200901456 Auction Holding AS
- BDN 200901474 EB Nett AS
- BDN 200701895 Simula School of Research and Innovation AS

Følgende deltok i møtet:

- Gudmund Knudsen
- Ingebjørg Harto
- Gro Granden

Fra sekretariatet møtte Bodil Stueflaten og Hege Frydenberg. Møtet varte fra klokken 0900 – 1000.

### **5. BDN 200701895 Simula School of Research and Innovation AS**

I brev datert 17. mars 2009 søker Simula School of Research and Innovation AS (SSRI) om unntak frå kravet til skriftleg form i representasjonsføresegna § 9 andre ledd, for å få gjennomført dei komande vala av tilsettrepresentantar til styret i selskapet som elektroniske val. Morselskapet Simula Research Laboratory AS fekk godkjent ein tilsvarande søknad om elektronisk val i nemnda sitt vedtak av 4. mai 2007.

Bakgrunnen for søknaden er et ynskje om å gjennomføre val på ein enklast og best mogeleg måte for dei tilsette. Selskapet har til ei kvar tid fleire personar på reise, og nokre har ikkje sin daglege arbeidsplass i selskapet sine lokale.

Simula er eit selskap som driv med forskning/utdanning innan IKT, og alle har tilgang til PC. Elektronisk val vil innebere i praksis at langt fleire av dei tilsette vil ha lettare tilgang til å stemme enn ved eit tradisjonelt skriftleg val.

Simula School of Research and Innovation AS er Simula sin forskarskule som utdannar forskarar innan IKT i nært samarbeid med Universitetet i Oslo. Selskapet er eigd av Simula (56 %), StatoilHydro (21%), Bærum kommune (14%), Telenor (7%), SINTEF (1%) og Norsk Regnesentral (1%). Selskapet har 48 tilsette, av desse er 10 kvinner og 38 menn.

I søknaden er det opplyst at blant anna kravet til anonymitet vil bli teke hand om.

Søknaden er fremma av selskapet administrerande direktør og leiar i lokallaget til Tekna som er den einaste fagforeininga ved SSRI (felles med Simula).

Bedriftsdemokratinemnda sitt arbeidsutval viser til at det er semje mellom selskapet og lokal fagforeining om søknaden.

Arbeidsutvalet set som vilkår at valsystemet tek omsyn til tryggleik og hemmelighald på ein tilfredsstillande måte. Arbeidsutvalet reknar vidare med at omsynet til anonymitet blir ivareteken og at valet elles fullførast i samsvar med representasjonsføresegna sine regler, under dette at valsystemet gjer det mogleg å gjennomføre valet som forholdstalsval og i valkrinsar. Det er dessutan ein føresetnad at forholdet til personopplysningslova blir teke hand om.

Arbeidsutvalet godkjenner på desse vilkåra søknaden om å avhalde framtidige val av dei tilsettes representantar til selskapet sitt styre som elektroniske val.

Arbeidsutvalet gjer merksam på at dersom dei tilsette ynskjer å gå attende til representasjonsføresegna si normalordning for val, kan lokal fagforeining eller eit fleirtal av dei tilsette søkje Bedriftsdemokratnemnda om dette.

Arbeidsutvalet gjer slikt

**vedtak:**

"I medhald av aksjeloven § 6-4 fjerde ledd jf. representasjonsføresegna §§ 5 og 9 andre ledd og Bedriftsdemokratnemnda sitt vedtak 27. februar 2009 om delegasjon av nemnda si myndigheit, godkjenner arbeidsutvalet under dei føresetnader som går fram av utvalets merknadar, at det nyttas eit elektronisk valsystem ved val av tilsettes representantar ved val til styret i Simula School of Research and Innovation AS"